

# Bææærekraft

## Alt det gode vi får frå sauens



### Lærarrettleiing

«Bææærekraft» er kulturarvsformidling der regionsmusea i Møre og Romsdal - Musea på Sunnmøre, Romsdalsmuseet og Stiftinga Nordmøre Museum - reiser til skulane og formidlar kva sauens betydd for menneska og kulturlandskapet – før og no.

Dei beitande dyra formar landskapet med tennene, tungene og føtene sine. Beitedyr og plantar har i tusenvis av år verka saman. Beitedyra et og et for å bli store og reproduser seg, og plantane veks for å sette frø og reproduser seg. Det er eit kappløp og eit samspel mellom beitedyr og plantar. Over to millionar sauar er på utmarksbeite om sommaren, og mange sauar er ute heile året. Dei nyttar landskapsressursar der ein ikkje kan dyrke. Sauen du møter - på fjell, øyar og holmar - skaper gras, busker, lyng og tang om til kjøt, ull, skinn, horn og talg – alt det gode menneska får frå sauens. Samstundes gir sauens oss eit artsrikt landskap.

### Målgruppe:

Elevar på 3-4 trinnet

### Tid:

Ein klokketime

### Elevtal:

Opp til 28 elevar i gongen

### Areal:

Stort klasserom der bord og stolar er satt godt ut til sida

Og eit artsrikt landskap treng vi - 1/3 av artane på den norske raudlista held til nettopp i kulturlandskapet.

## Formidling

I Bææærekkraft møter elevane ein formidlar og ein folkemusikar som saman tek dei med på ei reise inn i sauens sitt rike – ut i kulturlandskapet. Vi ser på alt det gode sauens gir oss og undrar oss over korleis alt hadde vore om ikkje beitedyra var til.

Formidlar tek i mot klassa utanfor døra. Lærar har på førehand delt opp elevane i grupper på fire.

Formidlar tek med elevane, ei gruppe i gongen, inn i rommet vi skal bruke og viser dei kvar dei skal sette seg. Ein folkemusikar speler folketonar frå Møre og Romsdal medan dette går føre seg. Når alle er på plass, startar vi. Elevane får synge og danse. Dei får høyre, sjå, kjenne på og undre seg over alt sauens gir oss menneska – og landskapet dei og vi lever i.

## «Bææærekkraft» og læreplanar

Formidlinga dekker fleire kompetanse mål etter 4. trinnet:

- Utforske og gje døme på nokre sider ved berekraftig utvikling (samfunnsfag)
- Utforske eit naturområde og drøfte berekraftig bruk av området (naturfag)
- Utforske og samanlikne ulike dyre- og planteartar si tilpassing til miljø og levestad og drøfte kvifor nokre artar dør ut (naturfag)
- Utøve og utforske eit repertoar av song og dans frå ulike musikk kulturar (musikk)

Overordna del av læreplanen:

- Skulen skal gi elevane historisk og kulturell innsikt og forankring
- Elevane skal lære og utvikle seg gjennom sansing og tenking, estetiske uttrykksformer og praktiske aktivitetar
- Skulen skal bidra til at elevane utviklar naturglede, respekt for naturen og klima- og miljøbevisstheit
- Elevane skal utvikle bevisstheit om korleis levesettet til menneska påverkar naturen og klimaet, og dermed òg samfunna våre. Skulen skal bidra til at elevane utviklar vilje til å ta vare på miljøet.



## Førebuing til besøket

Det er fint om heimen får vite at vi kjem til skulen og at vi har med ulike gjenstandar laga av blant anna ull (eventuelle allergiar). Øv på songen «Kom skal vi klippe sauens». Tekst finn de her:

<https://www.kultursekk.no/produksjon/1321410>

## Etter besøket

Snakk om det de har sett, rørt, prøvd og hørt. Fekk elevane ny kunnskap og forståing? Sjå på nettsida til DKS, Møre og Romsdal – Kultursekk.no -

<https://www.kultursekk.no/produksjon/1321410>

Her finn de forslag til vidare læring og aktivitetar.